

Austrheim kommune
Sætre marka 2

5943 Austrheim

Att: Asbjørn Toft

Leirvåg 22.02.2016

Vedr. Sak 14/326: Tilknytning til offenleg leidningsnett og utsleppsløyve.

I samband med handsaming av ovannevnte sak i Formannskapet ligg det no tilgjengeleg eit sakspapir på arkivsaksnr. 14/326 utarbeida av sakshandsamar Asbjørn Toft.


No får endeleg saka den politiske handsaminga som me som eigarar av naboeigedomen bnr. 2 har etterlyst frå starten av.

Saksdokumentet gjev imidlertid inntrykk av at det kun er utslepp det er snakk om.

Det er kun nevnt med ein setning at det er gjevne løyve til tilknytning av kommunalt vatn.

Tilkobling til kommunalt vatn og utsleppsløyvet er 2 delar av same sak, og Formannskapet får ikkje heile bildet ved kun å fokusere på utsleppsløyvet.

Saksgangen me har etterlyst kan illustrerast slik:



Her har ein starta med konkret løysing før ein har teke politisk stilling til om denne standardhevinga er ei ønskt utvikling.

I andre kommunar vert denne type standardheving avslått og det er tydeleg at Austrheim kommune treng ei politisk handsaming av heile konseptet før ein evt. ser på konkret løysing.

1. Tilkobling til kommunalt vatn.

Me hadde innvendingar til denne delen av søknaden også, men der vart ikkje vår klage handsama på same måten som utsleppsløyvet no vert. Der vart vår klage kun handsama av same personar som gjorde vedtaket. Dette vart teke opp med Rolf Henning Myrmel, først pr. telefon, så pr. brev av 24.02.2015. I ettertid har me ikkje fått respons, og ingen vidare politisk behandling av klagen.

Vidare behandling av utsleppsløyvet (pkt 2.) byggjer dermed på eit løyve for tilkobling til vatn som ikkje er ferdig sakshandsama.

Dette løyvet baserer seg dessutan på at vassleidningen skal gå over bnr.2, noko det ikkje er tinglyste

rettar for. Vedtaket legg opp til leidning ved kommunal gardsveg inn på tunet til bnr.2, men det har me påpeika at Austrheim kommune ikkje har rett å gje løyve til. I brev frå advokatfirmaet Stiegler, som representerer utviklingsselskapet OKV Eiendom, 27.11.2014 vert det påpeika at vår private vassleidning ligg langs same veg og at me dermed «inviterer til usaklig forskjellsbehandling» er direkte feil. Me er grunneigar og kan sjølvstendig leggja vår private vassleidning akkurat der me ynskjer på bnr. 2 utan at bnr. 27 skal ha same rett. Me har ved fleire høve avvist førespurnad om avståing av slik rett til bnr. 27.

Konklusjon: Austrheim kommune kan ikkje gje løyver som er «på tvers» av eigedomsretten.

2. Utsleppsløyvet.

Totalt gjennom saksgangen føreligg det 6 versjonar av tilkobling/utsleppsløyve frå Miljøconsult:

| Dato | Konsept (vatn/utslepp) | Versjon | Kommentarar |
|------------|---|---------|---|
| 19.02.2014 | Tilkobling på bnr.2 sin private vassleidning /slamavskillar på sørsida. | 1 | Nabovarsel vart motteken på denne varianten. |
| 03.03.2014 | Tilkobling på bnr.2 sin private vassleidning /minirensanlegg på sørsida. | 2 | Resultat etter at Austrheim kommune krev minirensanlegg i staden for slamavskillar. |
| 14.05.2014 | Tilkobling på kommunal hovudvassleidning på bnr. 6 via bnr 1&2 / minirensanlegg på nordsida med avløp til bekk på bnr.1 via bnr.2 | 3 | Tilkobling vart godkjent av Austrheim kommune 27.10.2014 og me vart informert. Her vert det hevda at kommunen eig 2 meter vegggrøft, noko som er feil. Klagen vår vart ikkje handsama på korrekt måte. |
| 07.11.2014 | Tilkobling på kommunal hovudvassleidning på bnr. 6 via bnr 1&2 / minirensanlegg på nordsida med drenering på tomt. | 4 | Denne søknaden har <u>ikkje</u> vorte vidareformidla til oss. Tekst og kart viser til minirensanlegg, mens vedlegget viser slamavskillar. Søknad vart avvist av Austrheim kommune 24.02.2015 der det vert vist til at «det manglar tinglyste erklæringar på å leggje leidningar over nabogrunn» |
| 06.03.2015 | Tilkobling på kommunal hovudvassleidning på bnr. 6 via bnr 1&2 / minirensanlegg på nordsida med drenering på tomt. | 5 | Denne søknaden er i grunnen den same som versjon 4, men sendt som vedlegg i brev frå Stiegler. Den er ikkje formidla vidare til oss, og fanst heller ikkje i elektronisk arkiv hjå kommunen. Søknaden vart avvist av Austrheim kommune 17.03.2015. I avslaget går det fram at sakshandsamer er usikker på kva det er søkt om : «slamavskillar eller minirensanlegg, men uansett løysing krevst det tinglyste erklæringar om leidningar over nabogrunn». |
| 25.05.2015 | Tilkobling på kommunal hovudvassleidning på bnr. 6 via bnr 1&2 / minirensanlegg på sørsida med filtreringsgrøft på tomt. | 6 | Denne søknaden har <u>ikkje</u> vorte vidareformidla til oss. Det står minirensanlegg i søknad, men slamsavskillar på kart. |

Med desse versjonene som bakgrunn kom så det administrative vedtaket datert 14.12.2015 utan å visa til kva variant som var godkjent. Me tok utgangspunkt i versjon 3 og sendte kommentarar med det som bakgrunn. Når me ser tilsvar frå Stiegler og saksdokumentet som føreligg, skjønar me at det er ein seinare variant.

Men, uansett variant har me dette enkle synet på situasjonen:

- Kommunalt vatn inn må gå over bnr.2.
- Avløp ut igjen må gå over bnr.2
- Det føreligg ingen rettar for slik ledningsføring.


Versjonane 4, 5 og 6 er kun teoretiske løysingar og let seg ikkje realisere iht. krav i forureiningslova.

Konklusjon: Austrheim kommune har ikkje mulegheit til å gje slikt løyve.

3. Drenering på eigen tomt.

Litt historikk vedr. drenering på eigen tomt:

| Dato | Hending | Tekst/Konklusjon |
|------------|---|--|
| 10.03.2014 | Mail frå Miljøconsult til Terje Aasen | «Eier ønsker å installere minirensere, men uten tillatelse til føring av ledning, vil heller ikke det kunne utbedres på en miljømessig måte» |
| 10.03.2014 | Mail frå Terje Aasen til Miljøconsult | «Som eg sa på telefonen er egedomen liten. For vatn som skal inn i hytta og ut av hytta så må det ervervas grunn» |
| 24.02.2015 | Brev frå Austrheim kommune til Stiegler: Avslag på versjon 4. | «Søknaden har vært diskutert med søkjar og det manglar tinglyste erklæringer på å leggje leidningar over nabogrunn. Når det er innkomme nødvendig dokumentasjon så vil søknaden verta behandla» |
| 17.03.2015 | Brev frå Austrheim kommune til Stiegler: Avslag på versjon 5. | «I søknaden av 6. mars går det fram at det er ein septiktank det søkes om. Hvis dette skal kunne godkjennast så må det leggjast tett leidning til straumførande sjø. Det må og skaffast tinglyst erklæring frå nabo om å få leggje avlaupsleidning over eigedommane. Hvis det derimot er ynskjeleg å få montert minirensaneanlegg så må det leggjast fram tinglyst erklæring frå nabo som er nedstrøms minirensaneanlegget. Vil be om at det kjem avklaring og det vert innlevert komplett søknad» |
| 14.12.2015 | Brev frå Austrheim kommune til Stiegler, Miljøconsult og oss: Vedtak om løyve til utslepp | Under avsnittet §12-11. Utslippsted står følgjande: «Ved val av utseppstad skal ein leggja vekt på resipientens kapasitet, økologi og brukarinteresser. Resipient for alle typar anlegg er overflatevatn (bekk, elv, sjø, innsjø, våtmark, kanalar med vassføring). Utsleppstad for avlaupsvatn frå minirensaneanlegg skal lokaliserast slik at utslepp i tett leidning til elv, bekk, kanal/grøft skal berre skje til resipient med årssikker vassføring.» |
| 29.01.2016 | Sakspapir til Formannskapet 17/3 | Her konkluderer sakshandsamar med at minirensaneanlegg og filtergrøft lagt på eigen eigedom er akseptabel løysing |



Det er påfallande å sjå utviklinga i synspunkta både til prosjekteringsansvarleg Miljøconsult og sakshandsamar i kommunen:

- Først er begge enige om at det ikkje finst utsleppsløysing utan å ervera grunn.
- I neste omgang føresler Miljøconsult ulike løysingar for drenering på eigen tomt, mens sakshandsamar heldt seg til vedtekne retninglinjer for utslepp.
- Til slutt konkluderer både Miljøconsult og sakshandsamar med drenering på eigen tomt.

Det er fjerde sakshandsameren som no handsamar saka.

Vedtaket som no vert føreslege i saksdokumentet tek ikkje for seg tidlegare vedtak og begrunnar heller ikkje kvifor desse skulle vera feil.

Slik forholda er på denne tomten, kan det ikkje vera muleg å få til drenering på eigen grunn. Der er ingen vassførande forekomst på eigedomen. Ei filtergrøft må også ha sitt utløp til grøft, og uansett må vatnet vidare over bnr.2. Dette ville også vore vår kommentar dersom me hadde kunna kommentert versjon 4, 5 eller 6. Innteika filtergrøft (i versjon 6) er dessutan lagt der terrenget er høgast på tomten og der det kun er berg.

Konklusjon: Drenering på eigen tomt er ikkje mogeleg og dermed i strid med Forureiningslova.

4. Argumentasjon frå sakshandsamar.

På formannskapsmøtet 28.01.2015 vart det opplyst frå sakshandsamar at «*det er ei svært uheldig plassering av ei hytte*» og at «*dette er å rydde opp i gamal moro*».

Ved å gå inn for ei standardheving av hytta, ryddar ein ikkje opp, men gjev gamle feilgrep eit «fornyingsstempel» og ei «vitamininnsprøyting» for framtida.

Me skjønar godt at eigedomsutviklingselskapet som eig hytta argumenterer for oppgradering, men reagerer på at sakshandsamar byggjer opp egne argument: I saksdokumentet vert det vist til at det er fleire bygg som ligg nært opp til hytta på bnr.27. Her byggjer sakshandsamar opp til ein argumentasjon som er ulogisk og irrelevant i forhold til saka. Bygga det er snakk om er våre 3 hus som tilhører bruket, samt hytta på bnr. 40. Våre egne bygg er det sjølvstøtt ikkje noko utfordring med.

Hytta på bnr. 40 er av same kategori som på bnr. 27, feilplassert etter dagens standard.

Ei eventuell godkjenning på bnr.27 kan lett føra til same krav frå bnr.40.

Dermed hadde me heller forventa at kommunen ville sjå desse to hyttene i samanheng og leggja opp til ei fellesløysing, enn å visa til gardshusa ligg i nærleiken av bnr.27.

Framlegginga av saka i saksdokumentet står derfor i sterk kontrast til egne utsegn.

Konklusjon: Einaste måten å «rydde opp i den gamle moroa» er å ikkje gje løyve til slik standardheving

5. Artiklar som undertsøttar våre synspunkt.

<http://www.vanytt.no/artikkel/7314/mange-oppgraderer-avloep-paa-hytta.html>

Sitat: «Første skritt er å undersøke kommunens reguleringsplan for å se om det er anledning til å oppgradere hytta med en avløpsløsning i det hele tatt»

Sitat Hytteliv.no : «Kommunen sa bastant nei til enhver standardheving som vann og ordnet avløp»

6. Oppsummering av feil i saka.

- Klagen på tilkobling til kommunalt vatn er ikkje ferdig sakshandsama.
- Saksdokumentet til formannskapet inneheldt kun utsleppsdelene og ikkje tilkobling til kommunalt vatn.
- Vedtak om tilkobling til kommunalt vatn baserer seg på feil informasjon om at kommunen eig grunnen der gardsvegen går.
- Tidlegare vedtak gjort av administrasjonen er ikkje lagt ved saksdokumentet og heller ikkje kommentert i seinare vedtak.
- Me er ikkje informert om dei forskjellige versjonane av søknaden.
- Alle dokument har ikkje vore tilgjengeleg i det elektroniske arkivet til kommunen.
- Landbrukssjefen er ikkje involvert med sine vurderingar.

7. Konklusjon.

Det er så mange feil, manglar og uklare punkt i denne saka at den ikkje er moden for reell handsaming av konkrete løysingar på tilkobling til kommunalt vatn eller utslepp frå sanitæranlegg.

Ei prinsipiell politisk vurdering kan ein imidlertid gjera der ein tek stilling til om denne type hytter skal få innvilga standardheving med vatn og avløp.

Med helsing

Svanhild og Bjarne Neteland